



Tre som absolutt burde vore vist på fjernsyn, Kristian Bringedal, Reidar Myklebust og Svein Rimestad

Som dei fleste for lengst har oppdaga, var saka vår om Allsong i sjøkanten-programma på TV2 til sommaren april-spøken vår. No hadde det nok vore vanskeleg å avvikla det uavhengig av det, for det var ingen som melde seg til å vera publikum. Derimot var det fleire som kom med velvillige framlegg til innhald.

Det var heller ingen som kom med konkrete melodi-ønskje, men ein lesar meinte tekstar av Olaf A. Gausvik og Svein Rimestad burde høyra med i eit slikt program frå Uskedalen.

Ronja Lakselv har imponert med songstemma si i ulike samanhengar, og ein lesar meinte det unge songtalentet burde vera sjølvskriven som gjestearartist. Ein annan meinte Hans Gustav Mussland absolutt burde vera med.

Når det galt framlegg til filmopptak var det fleire ønskje. Ikkje uventa var Kafè Tiar'n blant dei. Ein annan meinte det måtte vera eit innslag rundt Combo Camp, fjellsportgruppa og Ulvanåso.

Sjølv om meldingane ikkje nett hagla inn, viser statistikken at saka vart grundig lesen. Ein del les den både 2, 3, ja, kanskje endå fleire gonger.

No vert det altså ikkje noko av opptaka denne sommaren i alle fall. Det er synd, for tar eg ikkje feil, har redaktøren gledd seg gjennom heile dagen til å dekkja storhendinga?

Men vi kan glede oss til **Allsong i sjøkanten** til sommaren utan å koma på TV!!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Ola Matti Mathisen